



Fleire og fleire lagar seg til eiga side på nettet. No har også Uskedalen Oppvekstsenter heve seg på internettbølgja. (Foto: Odd Steinar Arnesen)

Oppvekstsenteret i bygda, har no fått sin eigen nettstad. Her vil ein kunne finne det meiste av informasjon, på ei oversiktleg og grei side.

Det er Odd Steinar Arnesen som står ansvarleg, og her ligg det mykje arbeid. Alle dei ansatte er presentert saman med bilete og aktuell kontaktinformasjon. Klassane/ barnehageavdelingane har kvar si side, der ein vil kunne fylgje med på kva dei arbeider med, samt alt av informasjon vedrørende skule og barnehage. Er det noko ein lurar på som foreldre eller elev, vil ein og kunne finne lenkjer til aktuelle sider. Alt i alt eit flott tiltak, særleg med tanke på at det vert enklare å fylgje med på kva som skjer rundt våre 'unge lovende'.

Sjå innom sida med å fylgje lenkjen [her](#). Vi har sjølvstøtt også lagt inn kobling på sida '[uskedalslenkjer](#)'. Lukke til med sida!